

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

SOS
kirkens-sos.no



Dokid: 16048355 (16/3920-1)
Søknad om driftsstønning for 2016

Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/ fylkesordføraren
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Bergen 22.4.2016

SØKNAD OM DRIFTSSTØNNAD FOR 2016
Takk for kr 50.000,- i driftsstøtte for 2015!

Kirkens SOS står for halvparten av all krisetelefonti i Noreg, og er i tillegg store på meldingar og chat via internett. Med 116 frivillige og 4,1 tilsette leverer vi tenester med høg fagleg kvalitet til låge kostnader.

Kirkens SOS i Bjørgvin er eit døgnope, sjølvmoordsførebyggjande tilbod til alle innbyggjarane i Hordaland og Sogn og Fjordane. Vi har mellom 60 og 70 samtaler kvart døgn, heile året. Sjølvmoordstankar er tema i halvparten av chatsamtalene. Det er det også i kvar 3. melding og 1.903 av telefonsamtalene.

- Kirkens SOS i Bjørgvin er eitt av av 12 lokale senter i Noreg, og er sjølv ansvarleg for finansiering og drift.
- I 2015 svarte Kirkens SOS i Bjørgvin på 18.721 telefonsamtaler, 1.465 SOS-chat og 1.386 SOS-meldingar.
- Alle ungdoms-, vidaregåande- og folkehøgskuler får kvart år tilsendt informasjonsmaterieill til elevane.
- For orientering om vaktrommet i Førde sjå side 18 i årsmeldinga.

I 2015 viste rekneskapet eit ekstraordinært positivt resultat. Hovudårsaka til dette er ei gåve som var øremerkt nødvendig styrking av eigenkapital, på grunn av framtidige pensjonskostnader. Lønnsutgiftene vart også redusert. Dette skuldast fleire lengre sjukemeldingar som ikkje arbeidsplassen er skuld i.

Vår lokale organisering er eit representantskap og eit driftsstyre. Vi har ingen eigarar som syter for nødvendige driftsmidler. Vi har ein krevjande økonomi og har i år redusert staben med ei heil stilling. Vi er heilt avhengige av lokale bidrag.

Kirkens SOS i Bjørgvin har brukarar frå alle kommunane i Bjørgvin, og vi veit at tenesta redder liv. Vi søker derfor fylkeskommunen om ein driftsstønning for 2016 på kr 75.000,-, som var nivået på driftsstøtta i 2014.

Med helsing
Greta Gramstad
Greta Gramstad

dagleg leiar

Vedlegg: Årsmelding med rekneskap for 2015, samt budsjett for 2016

Karl Dag Bærug
Karl Dag Bærug
nestleiar